

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA - SFO - HJARTDAL KOMMUNE

Vedtak: Hjordal kommunestyre, sak 072/17, møte 13.12.2017.

Arkivsak id: 2017/1767

§ 1 EIGARSKAP OG FØREMÅL

Skulefritidsordninga i Hjordal kommune eigast og drivast av Hjordal kommune i samsvar med opplæringslova § 13-7: "Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for føremålet."

§ 2 OPPTAKSMYNDIGHEIT

Hjordal kommune er opptaksmyndigheit for skulefritidsordninga, Det går fram av kommunen sitt delegeringsreglement kven som har opptaksmynde på vegne av kommunen.

§ 3 KRITERIER OG OPPTAK

Følgjande kriterier gjeld for inntak og tildeling av plass i skulefritidsordninga:

- Barn med funksjonshemmingar har fortrinnsrett
- Målgruppe for ordninga er elevar i 1. – 4. klasse og barn med særskilte behov i 1. – 7. klasse

Søknad om plass skjer på fastsett skjema. Søknadsskjema kan ein få på skulen, kommunen sine heimesider og servicekontoret. Når elektronisk søknadsskjema er etablert skal dette nyttast. Skulefritidstilbodet i kommunen blir kunngjort i lokalpressa og på kommunen sine nettsider kvar vår.

Det er eitt felles opptaksområde for alle skulefritidsordningane i Hjordal kommune. Ved mangel på plass i nærmaste/omsøkte SFO kan plass bli tildelt i annan SFO.

Hovudopptak til SFO skjer 1. mars kvart år. Det praktiserast løpande opptak gjennom året under føresetnad av ledige plassar.

Det oppmodast til å søke ved hovudopptak, men at opptaket vært gjort gjeldande frå det tidsrommet det er aktuelt for brukaren gjennom året.

Svarfrist for opptak er 3 veker etter søknadsfristen.

§ 4 ENDRING OG OPPSEIING AV SFO-PLASS

Om brukar ønskjer anna tilbod enn det som er søkt om, må kommunen få melding om dette innan svarfristen.

Om brukar ønskjer endring i opphaldstida ved oppstart av nytt skuleår eller i skuleåret, skal dette søkjast om på eige endringsskjema.

Oppseiingstid av gjeldande tilbod er 1 måned.

Plassar kan ikkje seiast opp etter 1.mai.

Det innvilgast normalt ikkje redusert foreldrebetaling i samband med fråvere som skuldast ferieavvikling eller sjukdom.

Kommunen har ingen friplassar.

§ 5 FORELDREBETALING

Kommunen fastsett kvart år betalingsattsar inklusive søskenmoderasjon og kostpengar i samband med budsjettforhandlingane.

Foreldrebetalinga vert kravd inn for 10 mnd i året.

Manglande betaling

Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 1 måned vil plassen bli sagt opp med straksverknad dersom det ikkje er oppretta særskild innbetalingsavtale mellom dei føresette og kommunen.

Dersom det ligg føre manglande foreldrebetaling for tidlegare plass i barnehage og/eller SFO vil barna eller deira søsken ikkje bli tildelt plass ved ny søknad før restanse kan dokumenterast innbetalt.

§ 6 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

I skulefritidsordninga legg ein til grunn eit leike- og opphaldsareal på 3 kvm pr barn

§ 7 DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID

Skulefritidsordninga si ordinære opningstid dagleg er i tidsromet kl. 07.30 – 16.30.

Ved avdelingar der det er areal- og personalmessig kapasitet kan einingsleiar utvide opningstida om morgonen med inntil ein time.

Årleg opningstid er i tråd med årleg skulerute.

§ 8 BEMANNING OG LEIING

Rektor er leiar av skulefritidsordninga.

I bemanningsplanlegginga reknar vi ein gjennomsnittleg vaksendekning på 10 barn pr vaksen.

Om det er funksjonshemma brukarar kjem særskild personale i tillegg.

Den totale personalsituasjonen vurderast ut frå barnegruppa sin alder og samansetnad.

Den som skal arbeide i skulefritidsordninga må legge fram tilfredsstillande politiattest. Attesten skal syne om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn.

Personar som er dømd for seksuelle overgrep mot barn, er utelukka frå arbeid i skular og barnehagar.

Kommunen kan krevje politiattest også for andre personar som regelmessig har opphald i skule/barnehagen/SFO. (Opplæringslova § 10-9)

§ 9 FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Skulefritidsordninga skal nytte dei råd og utval som er nedsett for skulen/oppvekstsenteret

§10 INTERNKONTROLLSYSTEM I SKULEFRITIDSORDNINGA

SFO er omfatta av skule/oppvekstsenteret sitt ordinære internkontrollsystem

Lov av 04.07.77 nr 4 om arbeidsvern og arbeidsmiljø

Lov av 11.06.76 nr 79 om produktkontroll

Lov av 21.05.71 nr 47 om brannfarlege varer

Lov av 14.06.74 nr 39 om eksplosive varer

Lov av 05.05.87 nr 26 om brannvern

Lov av 24.05.92 nr 4 §3 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr

Opplæringslova § 13-7, Skulefritidsordninga

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv, inkludert forskrift om sikkerheit på leikeklassen (produktkontrolllova)

§ 11 FORSIKRING

Barn som har plass i kommunal skulefritidsordning er forsikra i opphaldstida på skulen sitt område.

Forsikringa gjeld berre personskade, og ikkje skade på personlege eigedelar som for eksempel briller, klede, vogn eller leiker.

Ansvarsforhold for skader som oppstår utover dette, blir det teke avgjerd om etter lov om skadeserstatning.

§ 12 VEDTEKTSENDRINGAR:

Vedtektsendringar skal leggjast fram for skulen/oppvekstsenteret sitt foreldreråd og samarbeidsutval til uttale før endeleg behandling i utvalet for levekår og kultur